

## NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 16/2018, 5. desember 2018.

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

### PER HALSE HAR TEKE TIL SOM DIREKTØR-VIKAR

Per Halse har no teke til som fungerande høgskuledirektør og vil fungere i stillinga ut august 2019. Direktør Karen Lomeland Jacobsen har gått ut i fødselspermisjon, men vil delta på styremøtet 6.12.2019.

### STYREMØTE 7/2018, TORSDAG 6. DESEMBER

Høgskulestyret har sitt siste møte i 2018 torsdag 6. desember. På saklista står blant anna budsjett og planar for 2019 og studieprogramportefølje for 2019-2020. Møtet blir som vanleg strøyma og lenkje til strøyming kjem på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Sakspapir til møtet: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/252162>

### STYREMØTET: OFFENTLEGGJERING AV NYBYGG ER UTSETT

To av tilbydarane på prosjektet nytt mediehus har vorte avviste frå konkurransen på grunn av at dei har levert for dyre tilbod. Tilbydarane har klagt på dette. Klagen blir no behandla av Statsbygg. På møtet i høgskulestyret torsdag 6. desember vert det lagt fram ei førebels orientering frå høgskuledirektøren om korleis saka står, inkludert kva tilbydar som er innstilt, under føresetnad av at klager ikkje får medhald. Slik det ser ut i dag vil ikkje prosjektet blir forsinka av klagen. <https://www.hivolda.no/hivolda/offentleggjering-utsett>

### STUDIEBAROMETERET 2018: HØG SVARPROSENT I VOLDA

Studentane ved Høgskulen i Volda har også i 2018 vore flinke til å svare på den nasjonale studentkartlegginga Studiebarometeret. Ca 67 prosent av våre studentar som var aktuelle for undersøkinga svarte heilt eller delvis på spørsmåla, og Volda er med det blant dei fem institusjonane med høgast svarprosent. Resultata frå Studiebarometeret blir kjende i januar/februar 2019.

### STUDENTPARLAMENTET: HØGAST VALDELTAKING I VOLDA

I eit oversyn frå nettavisa Khrono går det fram at hausten 2018 så var det voldastudentane som hadde høgast valdeltaking blant høgskular og universitet som hadde val til studentparlamentet. Valdeltakinga i Volda var på ca 20 prosent, og det var ca dobbelt så høgt som i 2017 og dei tidlegare åra. Nest høgast valdeltaking var det ved Universitetet i Bergen ca 19,58 prosent deltaking. Ei muleg forklaring på auken i valdeltakinga i Volda var at alle som røysta var med i trekninga av ein pengepremie på kr 500,-. Les mer i nettavisa Khrono: <https://khrono.no/hinn-hvl-hogskolen-i-innlandet/darlig-oppslutning-i-studentvalg/250372>

### HVO ARRANGERER FJORDKONFERANSEN 2019: 19.-20.6.2019, LOEN

Høgskulen i Volda arrangerer Fjordkonferansen 2019, og temaet er: Digitalisering. Konferansen vender no tilbake til Loen etter eitt år i Ålesund. Høgskulen i Volda har også teke på seg å gje konferansen administrativ kontinuitet. Dei tre institusjonane som har hatt hovudansvaret for Fjordkonferansen sidan 2012 vil også dei neste fire åra bidra til konferansen og ikkje minst til Fjordantologien. Ved sidan av Volda er dette Høgskolen i Molde, NTNU i Ålesund og Høgskulen på Vestlandet. Fjordantologien 2019 blir redigert i hovudsak av fagtilsette ved NTNU Ålesund og har temaet: Modellar. [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

## FAGLEGE SAMLINGAR / ALLMØTE I 2019

I 2019 vil det bli minst tre faglege samlingar eller allmøte. Eitt av dei vil handle om arbeidet som skjer no med pedagogisk basiskompetanse og merittering av undervisning. Avdeling for mediefag vil vere teknisk arrangør av eitt allmøte, og Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning står for det andre. Meir informasjon om tid og stad og tema kjem seinare.

## ÅRETS JULEGÅVE? HØGSKULEN LANSERER GÅVEBUTIKK

I samarbeid med firmaet Gosh PGP har no høgskulen lansert nettbutikk der du kan kjøpe blant anna t-skjorter og hettegensarar med HVO-logo, og ei rekkje andre produkt som koppar, flasker og handlenett. <https://www.hivolda.no/hivolda/hogskulen-lanserer-nettbutikk>

## 11 LEDIGE STILLINGAR

Det er utlyst heile 11 ledige stillingar ved Høgskulen i Volda. Blant dei utlyste stillingane er det både tre dekanstillingar og tre professorstillingar. Av dei andre stillingane er det også ledige fagstillingar i norsk, engelsk, digital kompetanse i læring, ei kontorsjefstilling (AHL) og eit doktorgradstipend i kultur møte. <https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## FRIST FOR REGISTRERING AV FAGLEGE ARBEID - 15. JANUAR

Seinast 15. januar 2019 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2018 i Cristin. <https://wo.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/registrering?la=no>

## UTLYSING AV FOU-STIPEND FOR 2019 OG 2020

Forskningsadministrasjonen har lyst ut FoU-stipend for 2019 og 2020. Dei som ønskjer å få FoU-stipend for hausten 2019 må søkje innan 1. februar. Dei som ønskjer å få FoU-stipend for 2020 (vår eller haust) må søkje innan 30. april. Felles nettside med lenkje for begge utlysingane: <https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/fou-stipend/sok-pa-fou-stipend>

## 195 PÅMELDE PÅ JULEBORDET FREDAG 7. DESEMBER

Avdeling for mediefag arrangerer årets julebord, og Mari Lome på AMF melder at det er heile 195 tilsette ved Høgskulen, Studentsamskipnaden og Statsbygg som har meldt seg på.

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR

Datoar for festivalar mm finn du på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

## Desember 2018

6.12. Styremøte 7/2018

7.12. Julebord og utdeling av pris for kvalitet i utdanninga. Arr: AMF.

## Viktige datoar i 2019

21.1.2019: Møte med Volda kommune og andre interessentar om utvikling av høgskuleområdet

24.1.2019: Opprykksmarkering for fagleg tilsette for åra 2016-2017-2018 (Rekkedal gjestehus)

24.-25.1.2019: Fagdag i geriatri (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal, Sjustjerna helse og omsorg)

6.2.2019: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/en/international/international-week-international-day>

14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>  
2.5.2019: Styremøte nr 2/2019  
13.6.2019: Styremøte nr 3/2019  
19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)  
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)  
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020  
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019

### HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:  
[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

Det er for tida 11 stillingar som er lyst ut. Blant dei er tre dekanstillingar og tre professorstillingar, ei kontorsjefstilling og fleire andre fagstillingar.

### REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

8. november 2018: [NIFUs studieporteføljerapport: Presentasjon og kommentarar til rapporten.](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:  
<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>